



Vaksdal kommune

## TILLEGGSINNKALLING FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

**Møtedato:** 30.05.2023  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 10:30 - 15:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [Møteportalen](#) eller til Rikke Haagensen epost rikke.haagensen@vaksdal.kommune.no

Tilleggsinnkalling

### SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
52/2023	ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE 2022

27. mai 2023

Hege Eide Vik  
Ordfører



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
52/2023	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	30.05.2023
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kenneth Stokke	FE-151	21/1011

### ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE 2022

#### Vedlegg:

Årsrekneskap og årsmelding 2022  
Signert revisjonsrapport Vaksdal 2022  
Signert revisjonsberetning Vaksdal 2022  
Momentum Etterkalkylenote - Vaksdal kommune 2022  
Vaksdal kommune rapport 3. tertial 2022  
Vaksdal gjeldsrapport pr 31.12.22  
Pol.saker kommunestyret 2022  
Vedtak Årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommune 2022 - Uttale frå kontrollutvalet (1)  
Uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsmelding 2022 for Vaksdal kommune  
Saksframlegg med vedtak

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner drifts- og kapitalrekneskapen for Vaksdal kommune, for 2022 i tråd med Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv, kapittel 4 og i same forskrift §4-3, er rekneskapen gjort opp i balanse. Mindreforbruk, før avsluttande disponeringar i driftsrekneskapen, er på 10 641 040,-. Av dette er bruk av disposisjonsfond på 9 562 523,- stroket (jf strykningsreglar) og 1 078 517,- er avsatt til disposisjonsfond, i tråd med forskrifta før rekneskapen vert lagt fram.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2022 for Vaksdal Kommune.

#### Saksopplysningar:

Etter Kommunelova § 14-3 skal kommunar for kvart kalenderår utarbeide årsrekneskap og årsberetning (årsmelding). Disponeringar skal gjerast i tråd med Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.

Årsrekneskapen skal omfatte alle økonomiske midlar som kan disponerast for året, og bruken av desse. Alle kjente utgifter og inntekter skal takast med, og årsrekneskapen skal førast i samsvar med god kommunal rekneskapskikk. Kommunestyret vedtar årsrekneskap på grunnlag av innstilling frå formannskapet.

I årsberetningen skal det opplysast om forhold som er viktig for å bedømme kommunen si økonomiske stilling og resultatet av verksemda, som ikkje framgår av rekneskapen, samt andre forhold av vesentleg betydning for kommunen. Det skal gjerast greie for tiltak som er sett i verk og tiltak som er planlagt sett i verk for å sikre betryggande kontroll og høg etisk standard i verksemda. Det skal gjerast greie for den faktiske tilstand når det gjeld likestilling i kommunen. Det skal gjerast greie for tiltak som er sett i verk og tiltak som er planlagt sett i verk for å fremje likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremje formålet i diskrimineringsloven og i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven. Forskrift om årsregnskap og årsberetning angir nærmare reglar for årsrekneskapen, årsberetning og rekneskapsføring.

Årsrekneskap og årsmelding er utarbeidd etter krav sett i Kommunelova kaptittel 14 og Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. Alle noter til rekneskapen er tatt med og i årsmelding vert det rapportert i samsvar med dei fullmakter som er gitt Kommunedirektøren i Budsjett 2022. Årsbudsjett er gjennom året justert i samsvar med dei politiske vedtaka og elles etter fullmakter gitt til Kommunedirektøren.

Revisjon av rekneskapen har vorte utført av Deloitte AS, som har fått tilgang til all relevant og naudsynt informasjon knytt til rekneskapsføringa. Rekneskapet var levert inna fristen 22.02, og årsmeldinga vart levert innan fristen 31.3.

Årsmelding og årsrekneskap er handsama i kontrollutvalet 10.05.2023.

## **Vurdering**

Det økonomiske resultatet i 2022 er samla sett godt. Men årsaka til at resultatet blei slik som det blei kan delvis forklarast med rekneskapsmessige transaksjonar som er omtalt på side 6 i årsmeldinga. Dette er rekneskapsmessige transaksjonar som kom fram i revideringa av rekneskapen. Det er også inntektsført netto omlag 7,5 mill i premieavvik som skal kostnadsførast dei neste 7 åra. Skatten blei også korrigert i dei siste månadane av året og dette hadde sitt utspring i ein avrekning frå 2021.

Folketalsutviklinga og store investeringar gjev fortsatt grunn til uro og kommunen sitt måltal på lånegjeld er no svært høgt. Dei store låneopptaka som kommunen har hatt dei siste åra vil belaste drifta med høge rente- og avdragskostnader i åra framover. Kraftsalet for 2023 hjelper på å stoppe dette noko. Kommunedirektøren meiner at det fortsatt er viktig å dempe framtidig låneopptak og rår til at mindreforbruket på drifta vert ståande på disposisjonsfondet for bruk til finansiering av investeringar i åra framover. Dersom kommunen finansierar investeringar i større grad med overføringar frå drift og bruk av fond vil det betre måltallet på lånegjeld og betre den økonomiske ståa til kommunen. Det vil også hjelpe kommunen med å stoppe utviklinga av lånegjelda då meir av invsteringane blir finansiert med andre pengar enn låneopptak.



VAKSDAL KOMMUNE

Sekretariat for kontrollutvalet

---

Vår referanse 2022/128-46

Dato 11.05.2023

---

Kommunestyret

## Vedtak Årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommune 2022 - Uttale frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet behandla sak om utvalet sin uttale til årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommune 2022, 10.05.2023 i sak PS 17/23. Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet vedtek uttale om Vaksdal kommune sin årsrekneskap for 2022 som framlagd.*
2. *Kontrollutvalet ber, på bakgrunn av det som kjem fram i «Uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga» og «Revisjonsrapport for regnskapsåret 2022 nr. 10» frå Deloitte, kommunedirektør om å kome i møte 13.09.2023 for å gjere greie for kva som er/vil bli gjort med tilrådingane i rapportane.*

Med helsing

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Einar Kåre Ulla  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsmelding 2022 for Vaksdal kommune
- 2 Saksframlegg med vedtak

Kopi til:

Formannskapet  
Leiar i kontrollutvalet



## Vaksdal kommune

Til Vaksdal kommune v/kommunestyret

### UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2022

Kontrollutvalet har 10.05.2023 behandla årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022 for Vaksdal kommune som er avgitt av kommunedirektør, samt tilhøyrande revisjonsmelding datert 13.04.2023.

Kommunen har i 2022 eit netto driftsresultat på kr 18 490 242. Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen / årsmeldinga. Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, ei samla vurdering, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2022 blir godkjent slik det ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjere kommunestyret merksam på følgjande forhold:

- **Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:**

- Netto driftsresultat er på 3,88 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75 % og gjennomsnittet for kommunane i Noreg er på 3,00 % i 2022.
- Gjeldsgrad er berekna til 103,6 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
- Gjeldsbelastning er berekna til 9,66 % av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %
- Disposisjonsfondet er berekna til 22,4 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%
- Likviditetsgrad 1 er på 4,59. Denne bør, iht økonomisk teori, vere på min. 2

Vaksdal kommune har eit positivt driftsresultat, som også ligg monaleg over tilrådinga frå TBU, og høgare enn gjennomsnittet for kommunane i landet. Disposisjonsfondet er langt høgare enn minimumstilrådingane frå Riksrevisjonen, og kommunen har sterk likviditet. Kontrollutvalet merkar seg den høge lånegjelda til Vaksdal kommune, som har auka sterkt dei siste åra. Langsiktig gjeld ligg godt over Riksrevisjonen si tilråding.

- **Revisjonsrapport nr. 10 for rekneskapsåret 2022 frå Deloitte**

- Revisjonsrapport nr. 10 for 2022 frå Deloitte til kommunen skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte kome med nokre tilrådingar til kommunen på forhold som bør og kan forbetrast.

- **Deloitte har gjennomført etterlevingskontroll med økonomiforvaltning i Vaksdal kommune og konkluderer der mellom anna slik:**

*«Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er vi blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at Vaksdal kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd bestemmelsane i kommunelova § 25-1, 3. ledd bokstav b) knytt til refusjon sjukepengar.»*

**På bakgrunn av dette har kontrollutvalet slik oppsummering/tilrådingar:**

- Kontrollutvalet er uroa for auken i Vaksdal kommune si langsiktige gjeld dei siste åra. Den ligg godt over Riksrevisjonen si tilråding. Den er i 2022 på 103,6 % iht. driftsinntektene, mens det er tilrådd at den ligger under 75 %. Tilsvarende tal var i 2018 på 58,0 %, 2019 på 90,1 % og i 2020 på 94,2 % og i 2021 på 100,7 %.
- Det blir tilrådd at Vaksdal kommune prioriterer å setje fokus på forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport nr. 10 for rekneskapsåret 2022 frå Deloitte og resultat av

- etterlevingskontrollen med økonomiforvaltninga
- Revisor har gjennom sine kontrollar ikkje avdekket vesentlege svakheiter med den økonomiske internkontrollen
  - Dei ikke-økonomiske krava i kommunelova § 14-7 c- e og i kommunelova § 25-2 er omtalt i årsmeldinga på ein tilfredsstillende måte

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av 13.04.2023, revisjonsrapport nr. 10, datert 13.04.2023 og rapport frå revisor etter gjennomført forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga, har kontrollutvalet ikkje merknader til Vaksdal kommune sin årsrekneskap for 2022.

Kontrollutvalet i Vaksdal kommune 10. mai 2023

Vegar Sellevold  
-Kontrollutvalsleiar-

Kopi:  
Formannskapet



---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/128-40  
**Saksbehandlar:**Einar Kåre Ulla

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vaksdal kommune, Kontrollutvalet	17/23	10.05.2023

## Årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommune 2022 - Uttale frå kontrollutvalet

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek uttale om Vaksdal kommune sin årsrekneskap for 2022 som framlagd.
2. Kontrollutvalet ber, på bakgrunn av det som kjem fram i «Uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga» og «Revisjonsrapport for regnskapsåret 2022 nr. 10» frå Deloitte, kommunedirektør om å kome i møte 13.09.2023 for å gjere greie for kva som er/vil bli gjort med tilrådingane i rapportane.

### Saksprotokoll 10.05.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

#### Behandling i møte

Revisor orienterte om utvalde punkt frå revisjonen sitt arbeid. Medlemmane i utvalet fekk svar på sine spørsmål, og vedtok uttalen slik den var framlagd.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek uttale om Vaksdal kommune sin årsrekneskap for 2022 som framlagd.

2. Kontrollutvalet ber, på bakgrunn av det som kjem fram i «Uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga» og «Revisjonsrapport for regnskapsåret 2022 nr. 10» frå Deloitte, kommunedirektør om å kome i møte 13.09.2023 for å gjere greie for kva som er/vil bli gjort med tilrådingane i rapportane.

### **Samandrag**

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen og årsmelding for 2022 for Vaksdal kommune. Uttalen skal følgje saka vidare til kommunestyret via formannskapet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Einar Kåre Ulla  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsmelding 2022 for Vaksdal kommune
- 2 Årsrekneskap og årsmelding 2022
- 3 Signert revisjonsberetning Vaksdal kommune 2022
- 4 Signert revisjonsrapport Vaksdal kommune 2022
- 5 Signert uttale forenkla etterleving med økonomiforvaltninga Vaksdal kommune 2022



## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

#### 1. Innleiing

Kontrollutvalet vil i møte 10.05.2023, behandla utvalet sin uttale til Vaksdal kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2022.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor er invitert til møtet for å presenterte årsrekneskapen og årsmeldinga og for å svare på spørsmål.

#### 2. Ansvar for økonomiforvaltninga

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsmelding, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare kommunestyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. Kommunestyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. mellom anna kommunelova §§ 14-1 og 25-1 og 2.

Med grunnlag i finansielle måltal, skal årsmeldinga gje ei vurdering av om den økonomiske utviklinga og stillinga slik den går fram av årsrekneskapen, er forsvarleg og tek vare på handlevna over tid, jf. kommunelova § 14-7 a-b. Det er ikkje lenger tilstrekkeleg at årsmeldinga berre gjer greie for sentrale resultat frå årsrekneskapen.

#### 3. Føremålet med kontrollutvalet sin uttale

Føremålet med uttalen er at kommunestyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. jf. kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 14-7.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

### Vurderingar og verknader

#### 4. Grunnlag for uttalen

Grunnlaget for uttalen er dokument og handsamingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Avlagt årsrekneskap frå kommunedirektør, mottatt 27.04.2023, vedlegg 2
- Kommunedirektør si årsmelding, mottatt 27.04.2023, vedlegg 2
- Revisjonsmelding, dagsett 13.04.2023, vedlegg 3
- Revisjonsrapport nr. 10 frå revisor, datert 13.04.2023, vedlegg 4
- Rapport etter etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, datert 27.03.23, vedlegg 5
- Revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjonsplanar, oppsummering etter interimrevisjon og oppsummering etter årsoppgjersrevisjon
- Analyser og vurderingar av den økonomiske stillinga til kommunen

- Gjennomført påsjå-ansvar overfor revisor

I tillegg har ansvarleg revisor og kommunedirektør supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillinger.

## 5. Vurdering av årsrekneskapen og årsmelding

### Revisjonsmelding frå Deloitte AS:

Kommunen sin revisor, Deloitte AS, har lagt fram ei rein revisjonsmelding, vedlegg 3. Her er medtatt at driftsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr. 18 490 242 i kommunekassa og eit netto driftsresultat i den konsoliderte rekneskapen på kr. 19 031 454. Revisor skriv mellom anna dette i sin konklusjon:

*Etter vår meining:*

- *oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.*
- *oppfyller den konsoliderte årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Vaksdal kommune som økonomisk eining per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.*

### Attestasjonsuttale om etterlevingskontroll

I den nye kommunelova § 24-9 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga står dette:

*«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.*

*Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.*

*Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»*

På bakgrunn av dette har Deloitte levert «Uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga», vedlegg 5.

Revisor har kontrollert etterleving av kommunelova sine reglar om intern kontroll, herunder om kommunen har naudsynte prosedyrar og rutinar knytt til refusjon sjukepengar jamfør kommunelova§ 25-1, 3. ledd bokstav b).

Deloitte konkluderer til slutt slik:

*«Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er vi blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at Vaksdal kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd bestemmelsane i kommunelova § 25-1, 3. ledd bokstav b) knytt til refusjon sjukepengar.*

Kontrollutvalet får attestasjonsuttalen til behandling i ei anna sak 10.05.2022, der sekretariatet foreslår følgjande vedtak:

1. *Kontrollutvalet tek uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltninga til etterretning*

2. På bakgrunn av det som kjem fram i den forenkla etterlevingskontrollen med økonomiforvaltninga 2022 frå Deloitte AS og i kontrollutvalsmøtet 10.05.2023 ber kontrollutvalet om at kommunedirektør kjem i møte 13.09.2023 for å gjere greie for kva som er/vil bli gjort for å få kommunen til å etterleve regelverket på dette punktet.

## Revisjonsrapport nr. 10 for rekneskapsåret 2022 frå Deloitte AS

Revisjonsrapport nr. 10 for 2022 frå Deloitte AS til kommunen, inngår også som ein del av saksbehandlinga til rekneskapsaka i kontrollutvalet, vedlegg 4. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. Dette for å identifisere kvar det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte AS kome med tilrådingar til kommunen på tilhøve som bør og kan forbeholdt.


På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet vurdere om dei skal be kommunedirektøren om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort for å rette opp i desse tilrådingane.

### Vurdering av rekneskapen

#### Netto driftsresultat

Av rekneskapen for 2022 har sekretariatet merka seg at netto driftsresultat er positivt med kr. 18 490 242, dvs. netto resultatgrad på 3,88 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge ligg ifølge opplysningar fra SSB på netto resultatgrad på 3,0 % i 2022. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Vaksdal kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2018 ( 3,44 %), 2019 ( 3,24 %), 2020 ( 4,03 %), 2021 ( 3,36 %) og 2022 (3,88 %), sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2022 er positivt, og høgare enn tilrådinga frå TBU, og høgare enn gjennomsnittet for kommunane i landet. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommunen sin handlefridom og evne til å tåla svingingar i økonomien.



- Serie 1            Vaksdal kommune
- Serie 2            Gjennomsnitt for kommunane i Noreg
- Serie 3            Tilråding frå TBU



Gjeld

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Vaksdal kommune i 2022 har ei lånegjeld tilsvarande 103,6 % av sum driftsinntekter, altså godt over tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarande tall var 58,0 % i 2018, 90,1 % i 2019, 94,2 i 2020 og 100,7 % i 2021. Som vi ser av desse tala har langsiktig gjeld til kommunen auka kraftig dei siste åra, frå 58 % i 2018 til 103,6 % i 2022.

Kommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. Den var i 2022 på 9,66 % mot 8,42 % i 2021. Etter det sekretariatet kan sjå av vedlagde informasjon har Vaksdal kommune ikkje satt eige måltal her, men statsforvaltaren i Nordland meiner dette bør være under 5%.

Det blir tilrådd at kontrollutvalet omtalar dette i sin uttale.

Disposisjonsfond

Saldo på disposisjonsfondet 31.12.2022 er på kr. 106 804 278, som er 22,4 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen si tilråding er at dette talet skal vere større enn 5 %.

Likviditet

Vaksdal kommune har god likviditet. Likviditetsgrad 1 er på 4,59 - noko som er langt over tilrådd minimumsnivå på 2. Utviklinga for Vaksdal kommune dei siste åra er slik: 4,41 (2018), 3,88 (2019), 5,45 (2020), 5,59 (2021) og 4,59 (2022).

Oppsummering – vurdering av rekneskapen

Vaksdal kommune har eit positivt driftsresultat, som er monaleg høgare enn tilrådinga frå TBU, og høgare enn gjennomsnittet for kommunane i landet. Kommunen har eit solid disposisjonsfond, men lånegjelda har auka kraftig dei siste åra og ligg langt over tilrådinga frå Riksrevisjonen. Det blir rådd til at kontrollutvalet omtalar dette i sin uttale.

**Økonomiforvaltning og internkontroll**

Vurderinga av økonomiforvaltninga og internkontroll i kommunen byggjer på rapportar frå rekneskapsrevisor, forvaltningsrevisjon og informasjon frå kommunen.

- Det er ikkje avdekket vesentlege svakheiter med den økonomiske internkontrollen verken gjennom revisor sine rapporteringar gjennom året eller i deira orienteringar til kontrollutvalet.
- Revisor har, ut frå gjennomførte attestasjonshandlingar, stadfesta at budsjettavvik og avvik frå budsjettpremissane er tilfredsstillande forklart i årsmeldinga.
- Revisor har stadfesta at bokføringa i stor grad er i tråd med bokføringsregelverket. Ingen avvik er avdekket eller rapportert.
- Det er i 2022 ikkje gjennomført forvaltningsrevisjon som var retta mot økonomiforvaltninga.

**Vurdering av ikkje økonomiske krav i årsmeldinga**

Tema	Status	Grunnlag
Er kommunen si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg verknad for kommunen eller innbyggjarane omtalt i årsmeldinga?	√	Revisjonsmeldinga s.3-5
Er tiltak som er sett i verk og tiltak som er planlagt sett i verk for å sikre ein høg etisk standard omtalt i årsmeldinga?	√	Årsmeldinga side 24 og 32,
Er den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling omtalt i årsmeldinga?	√	Årsmeldinga side 27 - 28
Er det omtalt i årsmeldinga kva kommunen gjer for	√	Årsmeldinga s. 28

å oppfylle arbeidsgjevar si aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26		
---	--	--

### Vurdering av revisjonen sitt arbeid

Ein viktig del av kontrollutvalet sitt arbeid er påsjå-ansvaret for at rekneskapen vert revidert på ein trygg måte. Påsjå-ansvaret er følgt opp i tråd med FKT sin rettleiar.

Tema	Status	Vurdering
Kvalifikasjonskrav	√	Viser til avtalen mellom Deloitte og Vaksdal kommune
Vandel	√	Vurdering av vandel i tråd med selskapet sine retningslinjer
Uavhengigheit	√	Behandla 18.05.2022 i sak PS 25/22
Kvalitetskontrollsystemet i Deloitte		Deloitte har eige system for kvalitetskontroll kvart 3. år. Utover dette er selskapet underlagt kvalitetskontroll av Finanstilsynet
Planleggingsfasen, revisjonsplan	√	Behandla 14.09.22 i sak PS 29/22
Interimsrevisjon	√	Behandla 23.11.22 i sak PS 37/22
Årsoppgjersfasen	√	Behandla 10.05.23 pba revisjonen sitt arbeid avlagt april 2023.
Etterlevingskontroll	√	Rapport etter gjennomført etterlevingskontroll er vedlagt saka. Rapporten vart behandla 10.05.23

### Sekretariatet merker seg m.a. følgjande frå kommunedirektøren sin uttale i årsmeldinga:

«Statleg prioritering av K5 gir framtidstru og optimisme. Politiske vedtak i samband med budsjetthandsaminga på Stortinget hausten 2022 gir grunn til optimisme. Kommunedirektøren ser ljøs i enden av tunnelen, men òg nokre fartsdumpar på vegen framover. Dei vala Vaksdal kommune tek no vil vere avgjerande for kor ljøs framtida vert.

Dei siste par åra er det sett i gang store byggeprosjekt i kommunen. Ny skule på Vaksdal vart opna hausten 2022. I løpet av hausten 2023 vil nytt helsebygg på Vaksdal bli ferdig. Dette er store investeringar for ein kommune med relativt høg lånegjeld. Kommunedirektøren meiner at framtidsretta kunnskapsbasert satsing på oppvekst- og helse vil gi kommunen rom for å organisere gode tenester for innbyggjarane. Satsinga vil òg gjere kommunen attraktiv i konkurransen om arbeidskrafta i framtida.

Kommunen fekk eit positivt økonomisk resultat i 2022. MEN, kommunedirektøren ser mørke skyer i horisonten. Drifta vår er dyrare enn det vi har til rådvelde innafor inntektsramma. Kraftinntektene våre er utfordra og under press. Vi får neppe behalde kraftinntektene i sin heilskap i 2023. Det blir spennande å sjå kva val sentrale styremakter vil gjere med kraftinntektene i åra framover. Rentekostnadane har auka kraftig i 2022. Reduksjon i kraftinntekter og auka rentekostnader vil vere vanskeleg å bere for Vaksdal kommune.

Drifta er framleis ikkje i balanse i høve inntekter, og det er nødvendig å tilpasse driftsnivået til inntektsgrunnlaget framover. Renteutgiftene stig, og det vil skape press på tenestene. Saman med forventa relativt høge investeringar vil handlingsrommet innsnevrast. Dette krev fokus på omstilling og effektivisering av drifta. Kommunen må omstille seg for strammare rammer i siste delen av 2020-talet. Ein slik prosess blir best om ein startar den før «krybba er tom».»

I tråd med forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapane og årsberetningane før formannskapet innstiller til vedtak.

Kommunedirektør har lagt fram ei årsmelding som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2022.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i sin uttale:

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Gjeldsbelastning
- Disposisjonsfond
- Talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten
- Tilhøve om tala i årsmeldinga, jf. kommunelova §§ 14-7 og 25-2

### **Konklusjon**

Vaksdal kommune har i 2022 eit driftsresultat på 3,88 %, eit disposisjonsfond på 22,4 % og ein likviditetsgrad 1 på 4,59, som er monaleg over tilrådde krav. Lånegjelda er på 103,6 % og dermed godt over tilrådinga frå Riksrevisjonen.

På bakgrunn av det som kjem fram i «Uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga» og «Revisjonsrapport for regnskapsåret 2022 nr. 10» fra Deloitte, meiner sekretariatet at kontrollutvalet bør be kommunedirektør om å kome i møte 13.09.2023 for å gjere greie for kva som er/vil bli gjort med tilrådingane i rapportane.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.